



Musikklaget på frigjeringsdagen i 1945 - undervegs til Kjærland i spissen for folkeetoget (Foto i jubileumsheftet frå 1986)

**Harry E. Landa som bur i Hafslundsøy har runda 90 men hugsar godt ein julekveld då han var med musikklaget på Skårhaug og spela under krigen.**

**Det som sit att aller best er eit samspel med kyrkjeklokka. Det var lagt inn ei stund med kiming i klokka og då måtte musikklaget vera klar til å spela Det kimer nå til julefest då kiminga var over.**

Landa var med som tenåring då musikklaget vart starta og starten var i 1936. Instrumenta vart kjøpt frå Halsnøy der musikklaget hadde lagt ned.

Ein kamerat av Harry, Håkon Hansen, og han var svært forvitne på dei rare instrumenta som var komne i Helgheim. Dei møtte opp saman med mange andre som også kunne tenkje seg å vera med.

Musikkfenrik Johan Klette frå Rosendal kom og skulle hjelpe dei igang. Både Håkon og Harry vart med - med kornett og althorn. Så var det å lesa notane og finna dei på instrumentet. Den leiande i laget var Edvard Myklebust, far til Ester Mørstad.

- Han var veldig flink og sikkert svært musikalsk og spelte trekkbasun som det heitte den gongen, fortel Harry, som antar at han er den einaste gjenlevande frå den tida,

Av Ola Matti Mathisen